



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Møteinkalling

Utval: Fitjar kyrkjelege fellesråd
Møtestad: Fitjar rådhus, kommunestyresalen
Dato: 16. februar 2017
Tid: Kl. 18.30

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802. Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Elles møter varamedlemer kun etter særskilt innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Rasmus Fitjar	Leiar
Terje Havro	Nestleiar
Gunvald Aarbø	Medlem
Helga Olsen Aadland	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Sigrid Marie Fangel	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav J. Oma	Sokneprest
Sigurd André Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Aase Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Agnar Aarskog	Vara for kommunal repr.
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten

Fitjar, 10. februar - 2017

Harald Rydland, kyrkjeverje

Rasmus Fitjar, leiar i fellesrådet

Sakliste:

Saksnr.

- F-06/17 Søknad til kommunen om auka tilskot
- F-07/17 Endring av inventar i kyrkja
- F-08/17 Godkjenning av referat
- F-09/17 Meldingssaker
- F-10/17 Open post



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Sak 06/17: Søknad til kommunen om auka tilskot for 2017

Fitjar kyrkje sende søknad hausten 2016 søknad til kommunen om kr. 3.072.500,- i driftstilskot for 2017. Dette meinte kyrkja skulle vera ein sum som sikra stabil, forsvarleg og god drift. I budsjettmøte den 21. desember vedtok kommunestyret eit tilskot på kr. 2.197.900,-.

På førre møte gjorde fellesrådet slikt vedtak om detaljbudsjettet for 2017:

Fellesrådet sluttar seg til budsjett for Fitjar sokn 2017 slik det ligg føre med desse presiseringane:

1. *Det må utarbeidast ein godt grunngjeven søknad til kommunen om å få auka løyvinga til kyrkja i revidert budsjett, slik at tilskotet er i tråd med det som er kommunen sitt økonomiske ansvar etter kyrkjelova.*
2. *Leiarane i fellesrådet og soknerådet må be om møte med formannskapet for å orientere om økonomien i kyrkja*
3. *Det må vurderast om det er råd å auka eigenbetalinga på ein del av dei kyrklelege tenestene*
4. *Lønskostnader til klokkar og kyrkjetenar må synleggjera i budsjettet til kyrkja. Dersom det framleis er råd å få utført denne tenesta ved hjelp av frivillige etter at kommunen har gjeve meir tilskot, skal frigjorte midlar godskrivast avdelinga for kyrkjelydsprest.*

I detaljbudsjettet som no ligg føre, er den kommunale løyvinga på 2.197.900,- brukt på dei avdelingane som kommunen skal finansiera etter kyrkjelova. Det er administrasjon, Fitjar kyrkje og kyrkjegard. Det er likevel ikkje rom for å setja av løn til klokkar og kyrkjetenar, noko som kommunen etter kyrkjelova skal finansiera. Å prioritera den kommunale løyvinga på anna vis enn det som er gjort no vil føra til ein ikkje får utført dei administrative oppgåvene, eller drifta av gravplassen på ein forsvarleg måte.

Den dårlege kyrkleconomien i Fitjar har vore omtala i lokalpressa, og soknerådet har hatt lesarinnlegg for å få fram viktig informasjon i saka.

Soknerådet kan ikkje velja kva nivå det skal vera på dei kyrklelege tenestene som kommunen skal finansiera. Biskopen fastset talet på gudstenester. Gravferder og stell av kyrkjegarden kan ikkje soknerådet prioritera bort, og kyrkja må ha ein administrasjon som ivaretak økonomi, planarbeid, prosjekt, drift og personalforvalting på ein god måte. Så langt eg som kyrkjeverje kan sjå, er det ikkje råd å seinka nivået eller kvaliteten på dei kyrklelege tenestene i Fitjar, utan at det vil komma negative reaksjonar frå både kommunen og innbyggjarane.

Det som har komme fram under arbeidet med budsjettet, er at Fitjar kommune ligg svært lågt når det gjeld å løyva tilskot til kyrkja, i forhold til kva andre kommunar med om lag same storleik gjev. Dersom Fitjar kyrkje sin økonomi skal vera berekraftig er det dette forholdet som må rettast opp.

Tabell over kommunalt tilskot og gudstenestebesøk i kyrkja:

Kommune	Folketal	Tilskot til kyrkja pr. innbyggjar	Årleg tilskot til kyrkja	Gudstenestebesøk pr. innb.
Ullensvang	3401	1413	4.805.613	1,3
Hjelmeland	2785	1334	3.715.190	2,1
Austrheim	2858	1194	3.412.452	1,2
Gulen	2335	1129	2.636.215	1,7
Samnanger	2443	1096	2.677.528	1,8
Vaksdal	4140	1017	4.210.380	1,2
Tysnes	2797	992	2.774.624	2,1
Fusa	3876	912	3.534.912	1,8
Austevoll	5118	858	4.391.244	1,4
Etne	4106	845	3.469.570	1,9
Radøy	5011	818	4.098.998	1,3
Sveio	5593	665	3.719.345	1,5
Fitjar	3140	637	2.000.018	3,0
Bømlo	11778	623	7.337.694	1,7
Stord	18775	391	7.341.025	1,1
Kostragr. 3		903		1,3



Bak desse tala skjuler det seg ulike tilhøve når det gjeld talet på kyrkjer og kyrkjegardar i kommunane. Som nemnt i tidlegare dokument skal ikkje det ha så stor innverknad på tilskotsbehovet som ein skulle tru. Dette er det gjort nærmere greie for i saksutgreiinga til sist rådsmøte.

Det som er interessant å merka seg, er at det ikkje er gjennomgåande at dei kommunane som har flest kyrkjer, løyver høgast tilskot.

På bakgrunn av det som her er teke opp meiner eg at det må søkjast til kommunen om å få trappa opp tilskotet til kyrkja, slik at ein innan rimeleg tid i det minste kjem på om lag same nivå som kostragruppa Fitjar høyrer inn under.

Eit anna moment som vart teke med i vedtaket på sist møte, var å vurdere auke i eigenbetaling på ein del av dei kyrkjelege tenestene. Her kan det vera noko å henta, m.a. når det gjeld festeavgifter på gravplassen. Dersom ein ynskjer å gjere noko med dette bør det førebuast ei sak som kan gje verknad for budsjettåret 2018.

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet viser til saksutgreiing og søknad m/ notat, og går inn for at det skal sendast søknad til kommunen om å få auka tilskotet til kyrkja med kr. _____ for 2017. Vidare vil rådet oppmoda kommunen til å leggja inn ei opptrapping, slik at kyrkja i Fitjar får tilskot på niva med snittet for kostragruppa der Fitjar høyrer heime i løpet av tre år.

Sak 07/17: Endring av inventar i kyrkja

I samband med byggearbeidet som har funne stad i kyrkja i haust, har det vorte gjort nokre endringar på inventaret. For det som gjeld orgel og nytt galleri har Biskopen i samråd med Riksantikvaren gjeve rammeløyve i tråd med søknad. Det vart sendt særskilt søknad om å få setja opp to nye bæresøyler for galleriet, til erstatning for søyler som vart tekne vekk i samband med restaureringa i 1957. Det er i tillegg gjort ein del andre endringar som fellesrådet no bør slutta seg til og rapportera inn til biskopen.

Det gjeld:

1. Montering av nye prosjektorar og maling av skjermkassar. Her har me no fått ei løysing som estetisk framstår som meir skånsam og elegant enn den løysinga ein hadde tidlegare.
2. Nytt lydanlegg. Ved investering i nytt lydanlegg valde ein det anlegget som kom best ut med omsyn til estetikk i kyrkjerommet. Det er særskilt høgtalarane som kan komma til å dominera i kyrkjerommet, men den løysinga me har valt meiner me imøtekjem dette på ein god måte.
3. Kyrkja vart i haust malt på nytt innvendig. Sprekker i tømre og panel vart tetta og malinga har dei same fargane som vart brukte då kyrkja vart restaurert i 1957. Dørane i kyrkjebenkene vart tekne av, m.a. for å få plassert stillaset som vart brukt under arbeidet. Dørane har ikkje vorte sette i att. No er det mange som har teke til orde for at me bør prøva å bruka kyrkja utan dørar i benkene ei tid framover. Etter ei prøvetid på t.d. to år kan ein ta opp sak i soknerådet og soknemøte om evt. å søkja Biskopen om permanent fjerning av dørane.



Framlegg til vedtak:

Fellesrådet sluttar seg til dei endringane av kyrkjeinventar som er gjort greie for saksframstillinga.
Endringane må meldast inn til Biskopen i Bjørgvin.

Sak 08/17: Godkjenning av referat

Utkast til referat frå møte den 19. januar 2017 har sekretæren sendt ut i eigen e-post tidlegare. Det er fint om medlemene kan sjå gjennom referatet og komma med evt. merknader før det skal godkjennast i møte.

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet godkjenner referatet frå møtet den 19. januar 2017.

Sak 09/17: Meldingsaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Orgel- og galleriprosjektet, status for arbeidet
2. Søknad om permisjon

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet tek meldingane til orientering

Sak 10/17: Open post